Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Julenissen

Oppskr. av: Jonn A Imenes

(adresse): Vigmostad pr Grimstad

Fylke: Aust. Agder

Herad: Landvik

Bygdelag:

Gard: Imenes

G.nr. 78 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Julenissen

1

Julenissen har vore kjendt so lenge eg kann minnast i Landvik sogn. Ja lenge før. Nissen dela helst julegåvor i jula. Det var helst dagane mellom jul og nyår julenissen drev sitt spel. Julenissen var kjendt lenge før ein fekk julekaker, ud-stikkekaker eller anna julekram.

2

Julenissen har alle julegåvone i ein sekk frå tryggen som han etterkvart dela ut til borna. Eg har sjølv vore julenisse og det har leitt borna forvitne spør når han tek han fram: "Er det til meg?" Julenissen får altid sjenk før i tida helst ein dram til å byrja med og sidan kake og heimebrygga øl.

3

Dei tek helst ut ein mann eller ei kvinna som har godt for å ordlegga seg, som kann fortelja morosame rispor som høver for born. Jo større og stabbug han ser ut, jo betre likar borni seg. Det er ikkje sjeldan att

5461

dei minste borni er rædde og krupar i fang til mor si, men når dei har fengi fraktka letnar det og dei fryder seg over den snille nissen

4

Julenissen har jamt maske med kvitt-gråkvitt skjegg og har helst raud toppluva.

5

Maskone lagar dei helst sjølv før i tida, i vondagar er det julemaskar so å selja i kvar butikk.

6

Jau, ingen julenisse gjeng utan maske når dei er ute i jula.

7

Det er helst serskilde julenissar som deler ut julegåvor, men det hende ikkje so skjeldan før i tida att julebokkar skaut for grauten. Det hende ein gong på min fedragard, att min farbror skulde tel å bergja frå grauten att det small eit skot tel ved vindauga. Farbror blei so forskotta, at han sette skeia so fast i grauten at ho brakk av frå midten. Sjølvsagt flaug dei ut og skulde få tak i han som skaut. Fekk dei tak i han, måtte han inn og smakka på julegrauten

8

Nei den gamle nissen som dei bar ut julegrauten helst frå låven stod i ein ber-klasse. Eg veit at frå garden i Øvre Landvik brukte di den sjølt heilt ned i 50 åra.

9

Er ikkje kjendt her.

5461
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Jonn A Grimenes